



DELÅRSRAPPORT

1. kvartal 2020

Voss, 28. april 2020
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2020

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 1. kvartal på 14,6 mill. kr. Dette er ein auke på 2,7 mill. kr i høve til same periode i 2019. Resultat av ordinær drift før skatt er 8,9 mill. kr mot 12,5 mill. kr i 2019. Resultat etter skatt er 6,7 mill. kr mot 9,4 mill. kr i 2019.

Totalresultat pr. utgangen av 1. kvartal 2020 er 6,0 mill. kr mot 9,2 mill. kr for same periode i fjor.

Banken held fram med ei positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 4,7 % pr. utgangen av 1. kvartal i år mot 8,6 % for tilsvarende periode i fjor. Nedgangen skuldast auka nedskrivningar på utlån som ein konsekvens av covid-19 situasjonen.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 1. kvartal er bokført til 25,6 mill. kr. Dette er ein auke på 4,5 mill. kr frå same periode i 2019. Banken har i børsmelding 23. mars varsla ei rentenedsetjing, og det vil auke presset på rentemarginen frametter. Renteendinga får full effekt for innskot frå 28. mai 2020.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 1. kvartal 1,90 % (1,71 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 1. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 2,5 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 0,9 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er auka med 0,7 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er redusert med 1,6 mill. kr.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 1. kvartal bokført til 13,4 mill. kr mot 12,5 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader har auka med 0,3 mill. kr, medan andre driftskostnader har auka med 0,8 mill. kr. Avskrivningane er redusert med 0,2 mill. kr.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 1. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 5,6 mill. kr mot tilbakeført tap på 0,6 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har i lys av covid-19 utbrotet auka nedskrivningane på utlån i dette kvartalet.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 1. kvartal er 5.531 mill. kr. Dette er ein auke på 409 mill. kr (+8,0 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 5.901 mill. kr.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 3.549 mill. kr. Dette er ein auke på 237 mill. kr (+7,1 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 1. kvartal er 72,43 % mot 72,55 % på same tidspunkt i fjor.

Innskotsveksten isolert for 1. kvartal er 25 mill. kr (0,7 %).

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 1. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 216 mill. kr (+4,6 %). Utlånsveksten til næringskundar er 42 mill. kr (4,2 %), medan utlånsveksten til personkundar er 174 mill. kr (+4,7 %). Utlånsveksten isolert for 1. kvartal er 42 mill. kr (0,87 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.899 mill. kr mot 4.683 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2019. Av samla utlån er 1.034 mill. kr (21,1 %) utlån til næringsverksemd og 3.866 mill. kr (78,9 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 1. kvartal på 370 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 8,7 % mot 10,0 % i 2019. Dette utgjør 7,0 % (8,0 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Veksten i utlån dei siste 12 månadane har vore finansiert gjennom auke i innskot. Banken har pr. 1. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.277 mill. kr mot 1.191 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2019. Sjå note 6 for nærare detaljar. Ved utgangen av 1. kvartal er banken sin likviditet god med LCR 309 % og NSFR 129 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 20,43 % ved utgangen av 1. kvartal mot 18,18 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 594,9 mill. kr, mot 505,6 mill. kr same periode ifjor.

Kjernekapitalen til banken er 534,9 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 494,9 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 18,37 % (16,74 % i 1. kv. 2019) og ei rein kjernekapitaldekning på 16,99 % (14,92 % i 1. kv. 2019) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,5 % ved utgangen av 1. kvartal 2020 mot 8,9 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som styret i banken foreslo i styremøte 28. januar 2020 på NOK 7,- per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 19,79 % ved utgangen av 1. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 17,71 % og 16,31 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,69 %.

REVISJON

Kvartalsrekneskaper er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2020

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom

bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Det har oppstått ein alvorleg situasjon i samband med covid-19 utbrotet som påverkar både privatpersonar og bedrifter. Koronaviruset som vart identifisert i Kina i desember 2019 har spreidd seg raskt. I februar i år nådde smitten Europa. I løpet av perioden frå slutten av februar og fram til no har covid-19 utbrotet og den voldsame spreinga av viruset skapt ein heilt ny situasjon. Styresmaktene har iverksett drastiske tiltak for å prøve å avgrensa smitta og å hjelpe privatpersonar og næringsliv. Heile samfunnet vil verta prega av dette i lang tid framover. Lengda på krisa vil avgjere kor store konsekvensane vert. Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane. Dette vil påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt, og dermed også banken og banken sine kundar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har klart å oppretthalde god service og oppfylgging av kundane i den pågåande covid-19 situasjonen. Alle banken sine forretningsfunksjonar har fungert som dei skal i denne perioden.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sin marknadspolicy, og det er inngått avtale med Eika Kapitalforvaltning om forvaltning av banken si portefølje. Dette har sikra banken låg risiko og profesjonell forvaltning av verdipapirportefølja, og risiko for tap i portefølja er minimal.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapsen for 1. kvartal 2020 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapsen, nærstående vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 28. april 2020


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Olav Seim


Hege Solbakken


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Banksjef

Resultat		1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	31.3.20	31.3.19	31.12.19
Renteinntekter og liknande inntekter berekna etter effektivrentemetoden		46.646	37.426	167.446
Renteinntekter på eignelutar vurdert til verkeleg verdi		1.573	715	3.676
Rentekostnader og liknande kostnader		22.641	17.074	74.868
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		25.578	21.067	96.254
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		3.538	3.020	14.968
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		602	840	2.772
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		422	161	1.614
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	-880	961	1.197
Andre driftsinntekter		0	47	85
Netto andre driftsinntekter		2.479	3.349	15.093
Lønn og andre personalkostnader		6.204	5.896	21.768
Andre driftskostnader		6.763	5.943	25.546
Av-/nedskrivningar og vinst/tap på ikkje finansielle eignelutar		503	691	1.100
Sum driftskostnader		13.470	12.530	48.414
Resultat før tap		14.586	11.885	62.932
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	5.647	-621	2.456
Resultat før skatt		8.939	12.506	60.476
Skatt på resultat frå vidareført verksemd		2.237	3.116	13.725
Resultat av ordinær drift etter skatt		6.702	9.390	46.751
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>				
Verdiendringar knytt til investeringar i eigenkapitalinstrument	Note 7	-529	-181	1.660
Andre postar		-199	0	56
Sum utvida resultat		-728	-181	1.716
Totalresultat		5.974	9.209	48.467
Resultat per aksje		3,02	4,94	23,35


Balanse - Eignelutar				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	31.3.20	31.3.19	31.12.19
Kontantar og kontantekvivalentar		14.403	14.043	14.037
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og sentralbanken		172.298	110.926	316.884
Utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi		3.752.086	3.553.122	3.785.079
Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4	1.118.554	1.110.274	1.049.449
Renteberande verdipapir	Note 7	376.988	199.922	252.342
Finansielle derivat		2.355	3.303	1.819
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	66.012	99.443	65.178
Varige driftsmiddel		20.925	25.657	21.342
Andre eignelutar		7.220	4.876	4.704
Sum eignelutar		5.530.842	5.121.565	5.510.835
Balanse - Gjeld og egenkapital				
<i>Tal i tusen kroner</i>		31.3.20	31.3.19	31.12.19
Innlån frå kredittinstitusjonar		6.938	20.264	30
Innskot og andre innlån frå kundar		3.548.600	3.311.941	3.523.937
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir		1.277.214	1.190.804	1.277.056
Anna gjeld		18.769	15.183	19.034
Pensjonsplikter			1.046	
Avsetningar		9.656	10.364	19.333
Ansvarleg lånekapital		60.074	40.129	69.092
Fondsobligasjonskapital		37.562	36.740	35.764
Sum gjeld		4.958.813	4.626.470	4.944.246
Innskoten eigenkapital		58.016	9.423	58.016
Opptent eigenkapital		441.147	410.836	441.147
Fondsobligasjonskapital		40.000	40.116	40.000
Fond for urealiserte vinstar		26.697	25.331	27.425
Perioden sitt resultat etter skatt		6.169	9.390	0
Sum eigenkapital		572.029	495.096	566.588
Sum gjeld og eigenkapital		5.530.842	5.121.565	5.510.835

Voss, 28. april 2020


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarekvål
Styreleiar


Kathrine Løno Lahlum
Nestleiar


Olav Seim


Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Hybrid-kapital	Fond for urealiserte vinster	Anna opptent egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2019	11.103	-82	46.995	40.000	27.425	441.146	566.588
Resultat etter skatt				533		6.169	6.702
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					-529		-529
Renteberende verdipapir til verkeleg verdi							0
Utlån kundar til verkeleg verdi (ECL 12 mnd)					-199		-199
Skatt på renteberende verdipapir og utlån til verkeleg verdi							0
Totalresultat 31.03.2020	0		0	533	-728	6.169	5.974
Transaksjonar med eigarane							0
Kapitalauke							0
Kostnader ved kapitalauken etter skatt							0
Utbetalt utbytte							0
Utbetalte renter hybridkapital				-533			-533
Endring egne aksjar							0
Eigenkapital 31.03.2020	11.103	-82	46.995	40.000	26.697	447.315	572.029
Eigenkapital 31.12.2018	9.500	-76	0	40.115	25.512	410.836	485.887
Korreksjon fond for urealiserte vinster							0
Resultat etter skatt						9.390	9.390
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					-181		-181
Eigenkapital 31.03.2019	9.500	-76	0	40.115	25.331	420.226	495.096

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	1. kvartal 2020	1. kvartal 2019
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		
Netto utbetaling av lån til kundar	-41.760	-112.841
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	45.255	36.857
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	24.662	58.933
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-13.906	-8.933
Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar/innskot i kredittinstitusjonar	6.908	20.263
Renteutbetalingar på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kredittinstitusjonar	1.391	568
Endring sertifikat og obligasjonar	-124.646	49.731
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	1.573	715
Netto provisjonsinnbetalingar	2.937	2.180
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	-536	628
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	-880	-40.000
Utbetalningar til drift	-27.366	-14.612
Betalt skatt	-1.944	-10.313
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-128.313	-16.824
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir		-1.551
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir		477
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	422	161
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	422	-913
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir	159	-111.132
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-8.640	-6.900
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	-7.221	
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	-94	-1.239
Renter på fondsobligasjon	-533	
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-16.329	-119.471
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-144.220	-137.208
Likviditetsbeholdning 1.1	330.921	262.177
Likviditetsbeholdning 31.12	186.701	124.969
Likvidetsbeholdning spesifisert:		
Kontantar	14.403	14.043
Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	172.298	110.926
Likviditetsbeholdning	186.701	124.969

NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON

Covid-19 utbrotet har prega økonomien både globalt, nasjonalt og lokalt sidan landet i praksis vart stengt ned 12. mars, og banken har også merka dette. Styresmaktene har iverksett drastiske tiltak for å prøve å avgrensa smitta og å hjelpe privatpersonar og næringsliv. Heile samfunnet vil verta prega av dette i lang tid framover. Lengda på krisa vil avgjere kor store konsekvensane vert.

Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane. Dette vil påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt, og dermed også banken og banken sine kundar. Historisk har det likevel vore slik at Voss med omland har kome godt ut av tidlegare kriser. Banken med si fordeling 79 % PM og 21 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å takle krisa godt.

NOTE 2 - REKNESKAPSPRINSIPP OG -ESTIMAT

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2020 - 31.03.2020. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2019.

Covid-19 situasjonen har ført til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for banken sin portefølje. Uvisse knytt til dette, og at dette skjedde nært opp til avslutning på kvartalet, har gjort det naudsynt å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap.

Viktige rekneskapsestimater og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsregnskapen for 2019 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle gjer føresetnader og må nytta estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlige på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2019 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriterier for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearencemarkering eller overgang til steg 2.

Både betydeleg uvisse knytt til estimata, og det at situasjonen med covid-19 epidemien oppstod nær kvartalsavslutninga, fører til at det er nødvendig å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken finn seg i, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innfor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane per bransje. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,55 mill. kroner samanlikna med utgangen av forrige kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført ifm. Covid-19 situasjonen t.d. for permitterte, fører også til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap også i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivningar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 1,22 mill. kroner samanlikna med utgangen av forrige kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Det er større usikkerheit enn ellers i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

Noteinformasjon om nye PD-modellar

Banken har i første kvartal 2020 implementert nye risikoklassifiseringsmodellar (PD-modellar).

Dei nye PD-modellane rettar opp i enkelte identifiserte svakheitane i tidlegare modellar. Eksempel på dette er:

- Enkelte variablar med svært høg forklaringskraft
- Relativt få variablar
- Variablar som kan føra til stor volatilitet i sannsyn for misleghald ved endringar

Dette er adressert gjennom:

- Betre datakvalitet
- Fleire variablar
- Meir konsentrasjon i poenga tilgjengeleg for kvar variabel

Endringane gjer modellane meir stabile, og dei evnar i større grad enn tidlegare modellar å identifisera reell risiko på kundane.

Tidlegare modellar nyttar ei vesentleg sikkerheitsmargin på det forventa misleghaldssannsynet. Dette medfører ein overestimering av risiko som er høgare enn ein ynskjer. Dette vert korrigert i dei nye modellane.

Dei nye modellane er betre til å identifisera både gode og dårlige kundar. Dette fører til ei forskyving av kundar til lågare PD-nivå. Samsundes er modellen også betre til å identifisera svake kundar, noko som medfører at kundar med høg risiko jamt over får høgare sannsyn for misleghald samanlikna med kva dei fekk i dei tidlegare modellane.

Effekten på banken sine nedskrivningar for forventa tap er at ein større del kundar havnar i steg 1. Isolert sett fører dette til lågare nedskrivningar. I nokon grad vert dette likevel kompensert ved høgare misleghaldssannsyn for kundar som er i steg 2, og dermed høgare nedskrivning. Samla effekt er ein moderat reduksjon i nedskrivingsbeløp som følgjer av nye PD-modellar.

NOTE 3 - MISLEGHALDNE OG TAPSMERKA ENGASJEMENT

Misleghaldne engasjement	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	25.181	12.014	7.891
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	674	104	34
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar)	-7.266	-1.000	-565
Netto misleghaldne engasjement	18.589	11.118	7.360
Andre tapsutsette engasjement			
	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknaden	2.624	27.260	47.060
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	27.602	28.677	27.747
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningar)	-12.233	-13.473	-16.603
Netto tapsutsette engasjement	17.993	42.464	58.204

NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer	1. kvartal	1. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Landbruk	37.398	35.262	36.263
Industri	101.068	106.888	99.610
Bygg, anlegg	58.930	66.885	57.145
Varehandel	72.756	73.301	70.363
Transport	24.403	21.767	23.344
Eigendomsdrift etc	608.793	560.204	600.756
Anna næring	130.237	127.585	95.769
Sum næring	1.033.584	991.893	983.251
Personkundar	3.865.799	3.691.542	3.873.936
Brutto utlån	4.899.383	4.683.435	4.857.186
Steg 1 nedskrivningar	-2.902	-1.486	-928
Steg 2 nedskrivningar	-6.342	-4.082	-4.562
Steg 3 nedskrivningar	-19.499	-14.473	-17.169
Netto utlån til kunder	4.870.640	4.663.395	4.834.528
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	370.254	409.553	376.647
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	5.240.894	5.072.948	5.211.175

NOTE 5 - NEDSKRIVINGAR OG TAP

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2020	435	1.049	7.069	8.553
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	17	-238	0	-221
Overføringer til steg 2	-28	506	0	478
Overføringer til steg 3	0	300	300	600
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	20	16	19	55
Utlån som er frårekna i perioden	-22	-49	-71	-142
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-226	-47	1.183	909
Andre justeringar	390	578	0	968
Nedskrivningar personmarknaden pr. 31.03.2020	586	2.115	8.499	11.200

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	3.666.444	184.226	23.265	3.873.936
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	72.232	-72.232	0	0
Overføringer til steg 2	-80.634	80.634	0	0
Overføringer til steg 3	0	-1.331	1.331	0
Nye utlån utbetalt	169.421	12	0	169.433
Utlån som er frårekna i perioden	-167.821	-9.666	-82	-177.570
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2020	3.659.642	181.643	24.514	3.865.799

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2020	493	3.513	10.100	14.106
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	93	-1.000	0	-907
Overføringer til steg 2	-145	819	0	674
Overføringer til steg 3	0	-324	0	-324
Nedskrivningar på nye utlån utbetalt i året	103	40	752	895
Utlån som er frårekna i perioden	-51	-1.020	-20	-1.091
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-131	-281	168	-244
Andre justeringar	1.954	2.492	0	4.446
Nedskrivninger bedriftsmarknaden pr. 31.03.2020	2.316	4.238	11.000	17.555

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	756.262	200.037	26.952	983.251
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	79.656	-79.656	0	0
Overføringer til steg 2	-73.429	73.429	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	81.531	0	0	81.531
Utlån som er frårekna i perioden	-3.360	-28.488	650	-31.198
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.03.2020	840.659	165.323	27.602	1.033.584

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivningar på unyttta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2020	200	98	0	298
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	4	-39	0	-34
Overføringer til steg 2	-8	23	0	14
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	36	10	0	46
Nedskrivningar på unyttta kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-25	-11	0	-36
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-72	4	0	-68
Andre justeringar	1	0	0	1
Nedskrivningar pr. 31.03.2020	136	85	0	222

31.03.2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttta kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2020	299.735	15.357	1.909	317.001
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	5.392	-5.392	0	0
Overføringer til steg 2	-3.437	3.437	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttta kredittar og garantiar	14.100	5	0	14.105
Engasjement som er frårekna i perioden	-9.593	-2.179	-49	-11.822
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.03.2020	306.196	11.228	1.860	319.284

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar	31.03.2020	31.03.2019
Individuelle nedskrivningar ved starten av perioden	17.169	14.505
Auka individuelle nedskrivningar i perioden	2.500	
Nye individuelle nedskrivningar i perioden		1.000
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar frå tidligare periodar	-170	-1.034
Konstaterte tap på lån som tidligare er nedskrive		
Individuelle nedskrivningar ved slutten av perioden	19.499	14.471

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån	2.331	-34	2.663
Endring i perioden i steg 3 på garantiar	0	0	0
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	3.765	-116	-193
Konstaterte tap i perioden, der det tidligare er føreteke nedskrivningar i steg 3	0	0	0
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	0	1	1
Perioden sin inngang på tidligare nedskrivningar og andre endringar	-449	-404	-15
Tapskostnader i perioden	5.647	-553	2.456

NOTE 6 - SEGMENTINFORMASJON

Resultat	1. kvartal		2020	
	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	22.971	10.161	-7.554	25.578
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			422	422
Netto provisjonsinntekter			2.936	2.936
Inntekter verdipapirer			-880	-880
Andre inntekter			0	0
Sum andre driftsinntekter	0	0	2.478	2.478
Lønn og andre personalkostnader			6.204	6.204
Avskrivningar på driftsmidlar			503	503
Andre driftskostnader			6.763	6.763
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	13.470	13.470
Tap på utlån	2.298	3.349		5.647
Vinst aksjer				0
Driftsresultat før skatt	20.673	6.812	-18.546	8.939
Balanse	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kundar	3.854.922	1.015.718		4.870.640
Innskot frå kundar	2.641.450	907.150		3.548.600

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, forelegg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

Resultat	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	19.726	8.798	-7.457	21.067
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			161	161
Netto provisjonsinntekter			2.180	2.180
Inntekter verdipapirer			961	961
Andre inntekter			47	47
Sum andre driftsinntekter	0	0	3.349	3.349
Lønn og andre personalkostnader			5.896	5.896
Avskrivningar på driftsmidler			691	691
Andre driftskostnader			5.943	5.943
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	12.530	12.530
Tap på utlån	573	-1.194		-621
Vinst aksjer				0
Driftsresultat før skatt	19.153	9.992	-16.638	12.506

Balanse	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kundar	3.686.510	976.885		4.663.395
Innskot frå kundar	2.347.391	964.550		3.311.941

Resultat	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	82.858	42.902	-29.506	96.254
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			1.614	1.614
Netto provisjonsinntekter			12.196	12.196
Inntekter verdipapirer			1.197	1.197
Andre inntekter			85	85
Sum andre driftsinntekter	0	0	15.092	15.092
Lønn og andre personalkostnader			21.768	21.768
Avskrivningar på driftsmidler			25.546	25.546
Andre driftskostnader			1.100	1.100
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	48.414	48.414
Tap på utlån	4.142	-1.686		2.456
Vinst aksjer				0
Driftsresultat før skatt	78.716	44.588	-62.828	60.476

Balanse	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kundar	3.865.383	969.144		4.834.527
Innskot frå kundar	2.564.152	959.785		3.523.937

NOTE 7 - VERKELEG VERDI FINANSIELLE INSTRUMENT

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsetjings-teknikk basert på observerbare marknadsdata	Verdsetjings-teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	Total
31.03.2020				
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat				
Utlån og fordring på kundar			3.752.086	3.752.086
Sertifikat og obligasjonar		376.988		376.988
Aksjar			66.012	66.012
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet				
Finansielle derivat		2.355		2.355
Sum eignelutar til verkeleg verdi	0	379.343	3.818.098	4.197.441
Finansielle skyldnader som er øyremerka til verkeleg verdi over resultatet				
Fondsobligasjonskapital		37.562		37.562
Sum gjeld til verkeleg verdi	0	37.562	0	37.562
Avstemming av nivå 3			Utlån til kundar	Aksjar
Inngående balanse 31.12.2019			3.785.079	65.178
Tilgang/kjøp			272.572	834
Avgang/sal			-305.300	0
Perioden si verdiending over utvida resultat			-265	-529
Utgående balanse			3.752.086	65.483
Amortisert kost/kostpris			3.751.913	50.726
Verkeleg verdi justering			173	14.757
Utgående balanse			3.752.086	65.483

	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	
	Kvoterte prisar i aktive marknader	Verdsetjings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	Verdsetjings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	Total
31.03.2019				
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat				
Utlån og fordring på kundar			3.553.122	3.553.122
Sertifikat og obligasjonar		199.922		199.922
Aksjar			59.323	59.323
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet				
Finansielle derivat		3.303		3.303
Verdipapirfond		40.120		40.120
Sum eignelutar til verkeleg verdi	0	243.345	3.612.445	3.855.790
Finansielle skyldnader som er øyremerka til verkeleg verdi over resultatet				
Fondsobligasjonskapital		36.740		36.740
Sum gjeld til verkeleg verdi	0	36.740	0	36.740
Avstemming av nivå 3				
Inngående balanse 31.12.2018			Utlån til kundar	Aksjar
			3.513.296	58.342
Tilgang/kjøp			357.038	1.162
Avgang/sal			-317.212	0
Perioden si verdiendring over utvida resultat			0	-181
Utgående balanse			3.553.122	59.323
Amortisert kost/kostpris			3.552.819	45.877
Verkeleg verdi justering			303	13.446
Utgående balanse			3.553.122	59.323
31.12.2019				
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat				
Utlån og fordring på kundar			3.785.079	3.785.079
Sertifikat og obligasjonar		252.342		252.342
Aksjar			65.178	65.178
Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet				
Finansielle derivat		1.819		1.819
Sum eignelutar til verkeleg verdi	0	254.161	3.850.257	4.104.418
Finansielle skyldnader som er øyremerka til verkeleg verdi over resultatet				
Fondsobligasjonskapital		35.764		35.764
Sum gjeld til verkeleg verdi	0	35.764	0	35.764
Avstemming av nivå 3				
Inngående balanse 31.12.2018			Utlån til kundar	Aksjar
			3.513.296	58.342
Tilgang/kjøp			1.397.938	5.176
Avgang/sal			-1.126.290	0
Året si verdiendring over utvida resultat			135	1.660
Utgående balanse			3.785.079	65.178
Amortisert kost/kostpris			3.784.641	49.891
Verkeleg verdi justering			438	15.287
Utgående balanse			3.785.079	65.178

Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:

Nivå 1: Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

Nivå 2: Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

Nivå 3: Vurderingar som baserer seg på faktorer som ikke er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine egne estimat.

SPESIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Obligasjonsportefølje	31.03.2020	31.03.2019
Utstedarkategori	Bokført verdi	Bokført verdi
Stat / statsgaranterte	50.633	50.050
Kommune / fylke	154.912	57.230
Kraft		-
Bank og finans	46.327	29.183
Obligasjonar med fortrinsrett	125.116	63.458
Multilaterale utviklingsbanker	-	-
Sum obligasjonsportefølje	376.988	199.921

Aksjeportefølje	31.03.2020		31.03.2019	
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	2.713	1.617	2.971	1.476
Eika Gruppen	47.481	7.003	47.481	5.816
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika BoligKreditt	6.281.006	26.665	5.654.684	23.749
Destinasjon Voss	33	100	33	100
Voss Bedriftsser	5	5	5	5
Næringshagen Voss	1.500	150	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VNH1		668	-	-
VN Norge		2.264	-	1.171
Eiendoms kreditt	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	1.648	6.522	1.475	5.837
Eika Sparebank			39.655	40.120
Sum aksjeportefølje		66.012		99.442

NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2020	Bokført verdi 31.03.2019	31.12.2019	Rente- vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010773989	14.09.2016	14.09.2020	100.000	100.125	100.112	100.121	3m Nibor + 90 bp
NO0010790520	04.04.2017	31.03.2021	150.000	150.008	150.027	150.011	3m Nibor + 79 bp
NO0010790538	04.04.2017	31.03.2022	150.000	150.008	150.028	150.012	3m Nibor + 90 bp
NO0010795404	26.05.2017	10.09.2021	150.000	150.222	150.185	150.243	3m Nibor + 81 bp
NO0010795412	26.05.2017	09.09.2022	150.000	150.239	125.162	150.263	3m Nibor + 92 bp
NO0010807928	10.10.2017	10.03.2023	150.000	150.230	150.193	150.251	3m Nibor + 90 bp
NO0010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	175.247	175.214	175.262	3m Nibor + 88 bp
NO0010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.121		150.150	3m Nibor + 70 bp
NO0010873185	16.01.2020	16.01.2025	100.000	100.536			3m Nibor + 69 bp
NO0010767536	16.06.2016	16.03.2020	100.000		100.096	100.130	3m Nibor + 110 bp
NO0010716913	28.08.2014	28.08.2019	89.000		89.161		3m Nibor + 75 bp
Over/underkurs				478	627	614	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				1.277.214	1.190.804	1.277.055	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2020	Bokført verdi 31.03.2019	31.12.2019	Rente- vilkår
Ansvarleg lånekapital							
NO0010871395	18.12.2019	18.12.2024	60.000	60.074		60.079	3m Nibor + 180 bp
NO0010730989	24.02.2015	24.02.2020	40.000		40.129	9.013	3m Nibor + 205 bp
Sum ansvarleg lånekapital				60.074	40.129	69.092	

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.03.2020	Bokført verdi 31.03.2019	31.12.2019	Rente- vilkår
Fondsobligasjon							
NO0010572811	12.05.2010	12.05.2020	35.000	37.562	36.740	35.764	3m Nibor + 375 bp
Sum fondsobligasjon				37.562	36.740	35.764	

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.12.2019	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringer	Balanse 31.03.2020
Obligasjonsgjeld	1.277.055	100.000	-100.000	159	1.277.214
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir	1.277.055	100.000	-100.000	159	1.277.214
Ansvarlege lån	69.092		-9.000	-18	60.074
Fondsobligasjonar	35.764			1.798	37.562
Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar	104.856	0	-9.000	1.780	97.636

NOTE 9 - KAPITALDEKNING

Kapitaldekning

	1. kvartal 31.03.2020	1. kvartal 31.03.2019	Året 31.12.2019
Opptent egenkapital	441.598	396.586	441.146
Overkursfond	46.528	0	46.995
Annan egenkapital	26.544	25.331	27.425
Innbetalt aksjekapital	11.020	9.423	11.021
Sum egenkapital	525.690	431.340	526.587
Avsett utbytte	-15.542	0	-15.542
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-443	-299	-318
Frådrag i rein kjernekapital	-14.782	-15.959	-13.845
Rein kjernekapital	494.923	415.082	496.882
Fondsobligasjonar	40.000	50.500	50.500
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	534.923	465.582	547.382
Ansvarleg lånekapital	60.000	40.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	60.000	40.000	60.000
Netto ansvarleg kapital	594.923	505.582	607.382
	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019

Eksponeringskategori (vekta verdi)

Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	30.982	11.446	20.784
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	18.127	9.475	5.930
Føretak	302.240	317.406	277.539
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	1.997.226	2.000.643	1.971.910
Forfalne engasjement	18.272	11.070	6.824
Høgrisiko engasjement	0	0	0
Obligasjonar med fortrinnsrett	12.512	6.346	7.553
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	19.719	5.593	48.682
Andelar verdipapirfond	0	11.235	0
Eigenkapitalposisjonar	53.586	46.667	53.152
Øvrige engasjement	268.446	186.121	277.892
CVA-tillegg	468	16	362
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2.721.579	2.606.017	2.670.630
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	190.721	175.616	190.721
Berekningsgrunnlag	2.912.300	2.781.633	2.861.351

Kapitaldekning i %	20,43 %	18,18 %	21,23 %
Kjernekapitaldekning	18,37 %	16,74 %	19,13 %
Ren kjernekapitaldekning i %	16,99 %	14,92 %	17,37 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har ein eigarandel på 0,20 % i Eika Gruppen AS og på 0,51 % i Eika Boligkreditt AS.

	31.03.2020	31.03.2019	31.12.2019
Rein kjernekapital	502.958	425.260	504.551
Kjernekapital	546.135	478.923	558.189
Ansvarleg kapital	610.091	522.656	622.145
Berekningsgrunnlag	3.083.481	2.947.532	3.020.371
Kapitaldekning i %	19,79 %	17,73 %	20,60 %
Kjernekapitaldekning	17,71 %	16,25 %	18,48 %
Rein kjernekapitaldekning i %	16,31 %	14,43 %	16,70 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,69 %	8,28 %	9,05 %

NOTE 10 - AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane

31.03.2020

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	209229	9,42 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	115641	5,21 %
MP PENSJON PK	87181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	52659	2,37 %
PROFOND AS	52479	2,36 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	41641	1,88 %
VAKSDAL ANDERS	40000	1,80 %
WERGELAND HOLDING AS	37823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36000	1,62 %
LIMONE AS	34600	1,56 %
KRISTIAN HODNE AS	24250	1,09 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	24110	1,08 %
HAKATAI AS	20855	0,94 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20000	0,90 %
FJORDSYN AS	19040	0,86 %
FOSSEN HAAKEN	18651	0,84 %
DØSKELAND BØRGE	16996	0,77 %
HASLELUND HOLDING AS	16819	0,76 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16576	0,75 %
SLÅPEKROKEN AS	15040	0,67 %
Sum 20 største	899.590	40,51 %
Øvrige aksjonærar	1.320.922	59,49 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	2.220.512	100,00 %

Tal aksjar: 2.220.512

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 1. kvartal: 239,52

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal: 136,00

31.03.2019

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	189.980	10,00 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	90.000	4,74 %
MP PENSJON PK	87.181	4,59 %
HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE	64.069	3,37 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	46.771	2,46 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,89 %
WERGELAND HOLDING AS	31.413	1,65 %
SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE	31.000	1,63 %
ANDERS VAKSDAL	30.050	1,58 %
KRISTIAN HODNE AS	28.954	1,52 %
SKOGSBORG AS	20.440	1,08 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	1,05 %
LIMONE AS	18.992	1,00 %
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	17.700	0,93 %
FJORDSYN AS	16.600	0,87 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	15.676	0,83 %
HAAKEN FOSSEN	15.201	0,80 %
HAUKÅS KONSULETENE AS	15.100	0,79 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,79 %
COLORADO EIENDOM AS	13.400	0,71 %
Sum 20 største	803.567	42,29 %
Øvrige aksjonærer	1.096.433	57,71 %
Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)	1.900.000	100,00 %

Tal aksjar: 1.900.000

Aksja si matematiske verdi var ved utgangen av 1. kvartal: 239,72

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal: 149,00

NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekomme hendingar etter utløpet av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

NYKKELTAL

	1. kvartal	1. kvartal	Året
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2020	2019	2019
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	47,24 %	53,79 %	44,61 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	7,50 %	-1,29 %	-2,36 %
Eigenkapitalavkastning*	4,72 %	8,64 %	8,88 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	10,30 %	9,56 %	11,32 %
Innskotsmargin hittil i år	0,24 %	0,27 %	0,39 %
Utlånsmargin hittil i år	2,13 %	1,94 %	1,93 %
Netto rentemargin hittil i år	1,90 %	1,71 %	1,81 %
Innskot og Utlån			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	21,10 %	21,18 %	20,24 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	8,74 %	9,99 %	8,86 %
Innskotsdekning	72,43 %	70,72 %	72,55 %
* EK-avkastning etter berekna skatt - Annualisert			
<i>Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>	2020	2019	2019
Soliditet			
Rein kjernekapitaldekning	16,99 %	14,92 %	17,37 %
Kjernekapitaldekning	18,37 %	16,74 %	19,13 %
Kapitaldekning	20,43 %	18,18 %	21,23 %
Leverage ratio	9,48 %	8,92 %	9,72 %
Likviditet			
LCR	309	107	440
NSFR	129	124	124